

**Som administrasjonen snudde politikarane i forvaltningskomiteen i saka om buplikt for Janet Alice Sjo, som bur på Halsnøy men eig ein gard på Fet i Uskedalen (biletet).
Dei tok samrøystes klaga frå Sjo til følgje og gjorde om vedtaket frå februar i år.**

Utan at nokon ville ha ordet og kommentere det aksepterte dei argumentet frå administrasjonen om at søkjaren no har dokumentert at ho oppfyller kravet om fast tilflytting til garden her i bygda.

Sjo er i Uskedalen 30-40 prosent av året og når dei blir pensjonister kjem ho og mannen til å vera her enda meir. Dei har lagt ned mykje arbeid på bruket og planlegg å gjera meir.

Dermed blir kravet om fast tilflytting trukke attende. Men det er eit vilkår at jord og skog vert driven og halden i hevd og at eigaren deltar i fellestiltak i skogen.

Under det same møtet var politikarane like samrøystes i saka om buplikta til Oddbjørn Kroka på bruket Kroka i Muranger. Han slepp buplikt der og held fram med å bu i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen